



ABO Plan & Arkitektur AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3438 - 14/8736

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

09.04.2014

Endringsløyve - fortau - Gbnr 171/4 Seim skule

Kommunen godkjenner søknad om endring av løyve med teikningar, kart og skildring mottatt 15.01.2014, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Endringa går ut på at «Fortau vert framført som einssidig fortau på vestsida av Fv 402. «Fortau 2» vert redusert på austsida av Fv 402 og vert opparbeidd i forlengelsen av «Fortau 1» på gnr. 172 bnr. 37, 60 og 161. Ny fartshump vert opparbeidd ved avslutning av nytt fortau på vestsida av Fv 402.»

Løyvet gjeld endring av løyve gjeve 29.10.2012 i sak 2012/1780.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
2. Tiltaket må utførast etter tekniske krav gitt i byggeteknisk forskrift 2010.
3. Fortauet skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteken 15.01.2014.

Søknaden

Endringa går ut på at «Fortau vert framført som einssidig fortau på vestsida av Fv 402. «Fortau 2» vert redusert på austsida av Fv 402 og vert opparbeidd i forlengelsen av «Fortau 1» på gnr. 172 bnr. 37, 60 og 161. Ny fartshump vert opparbeidd ved avslutning av nytt fortau på vestsida av Fv 402.»

Andre tiltak som kan vere vist på eller skildra i innsendte søknadsmateriell, har kommune ikkje teken stilling til og er ikkje omfatta av dette løyve. Det same gjeld tiltak som er nemnt i saksutgreiinga men som ikkje er nemnt i førre avsnitt.

Saksgang/historikk

Det er tidlegare gjeve dispensasjon for avvik i høve til godkjent reguleringsplan. Fortauet vert no meir i tråd med gjeldande reguleringsplan. Ein finn det difor ikkje naudsynt med å be om ny dispensasjonssøknad.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Nabotilhøve

Arbeidet med framføring av fortau vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. Lindås kommune har underskrive avtale om overdraging av areal som er naudsynt for at reguleringsplanen for området kan gjennomførast med grunneigar av gnr. 172 bnr. 37, 60 og 161. Kommunen meiner difor at ny nabovarsling ikkje er naudsynt. I medhald av reglane i plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd blir det gjeve fritak for nabovarsling.

Uttale frå andre mynde

Statens vegvesen har godkjent arbeidsvarslingsplan for etablering av fortau ved skriv av 07.04.2014.

Plangrunnlag

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan for Seim Skule med utbetring av Fv 402.

Visuell utforming

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

Plassering og høgdeplassering

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av godkjente teikningar. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 1, jf. standarden "Plassering og beliggenhetskroll".

Gebyr

Søknadsplichtige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Ny arbeidsvarslingsplan for etablering av fortau vart gitt den 07.04.2014. Etter gebyrregulativet av 31.03.2014 skal det ikkje betalast gebyr for endringssøknader. Det blir ikkje utstedt gebyr.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune v/
eigedomsavdeling

Mottakarar:
ABO Plan & Arkitektur AS